

Kva har dei 9 banda å by på?



Daidalos Dahle har analysert dei banda somkjem (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kva har dei 9 banda som stillar opp under Festidalen fredag og laurdag eigentleg å by på? Veteran og bookingansvarleg Daidalos Dahle er den som kan gje det beste svaret og han gjorde det for rundt 100 frivillige i Dønhauglåven ikveld. Her er hans korte karakteristikkar frå startbandet Loneley Kamel til finalebandet Big Bang: slik han og har formulert seg i Kvinnheringen:

Lonely Kamel, fredag 1845:

Firemannsband frå Oslo, spelar jamt og trutt i Europa men er realitvt ukjende her. Tung, deilig bluesrock inspirert av 70-talet. Lite sjølvhøgtidelege, skapar ein befriande stemning.

Andre Holstad, fredag 2000:

Oslobasert, har alltid gode musikarar. Klassisk rock-erotikk, vokalbasert med klassisk gitarrock. Dyktig musikar og låtskrivar. Tok tak i sjelene på folk i Bylarm.

John Olav Nilsen & Gjengen, fredag 2115

Bergens svar på Jokke & Valentinerne. Grøfteposin, rastlaus poprock som etterkvart har blitt folkeleg. Gjengangar på musikklistene i radioen. I toppform er dei eit soleklart festivalhøgdepunkt

Seigmenn fredag 2300:

Tønsbergbasert band som ofte er å høyra på radio. Gjorde norsk rock kul på 90-talet. Eigentleg oppøyst, så konserten fredag er ein unik sjanse. Gjer 5 festivaljobbar i sommar og kjem med eit lysshow Festidalen såvidt klarar å handtera. Mektig, norsk rockehistorie i levande live.

Matti Røssland laurdag 1630

Treng ikkje nærare presentasjon. Har med seg fullt band og startar ballet laurdag. Dyktig pop- og rockartist som stadig er å høyra på radio.

Highasakite laurdag 1800:

Årets vinnar på Bylarm. Bandmedlem Ingrid Helene Håvik er ein svært dyktig vokalist og musikar. Hypnotisk, elektropop. Varm, deilig musikk ein plass mellom tidleg Bjørk og LykkeLi.

Supermale laurdag 1915:

Synthpop servert av 3 lukkelege gitar, alle med opphav frå urørtvinnar Pony the Pirat. Etter å ha opplevd bandet på Stord er eg heilt overtydd om at dette blir årets partyshaker under Festidalen

Mikhael Paskalev laurdag 2100:

Skulert på lipa-skulen (Paul McCartney) i Liverpool i lang med Jonas Alaska. Årets urørtvinnar kjem med fullt band og spelar indiepop kryra med rock, vise 70-tal og mykje gode. Stillferdig, men likevel fullt av liv og varme.

BigBang laurdag 23:

Klassiak rockeband med innslag av blues, americano,,med innslag av mykje 60- og 70-rock. Eg er sikker på at BigBang-konserten blir ein suveren avslutning på festivalen i år.



Rundt 100 av dei frivillige møtte tilein brei gjennomgang av prosjektet i låven i kveld